

SAKSFRAMLEGG

Møtedato:	Journalnr.:	Saksnr.:	Saksbehandlar:
10.6.2025	178/2025	28/25 - 29/25	Elin Marit Andgard, SKNG

Sak 28/25 Prosjektplan – internkontroll

Vedlegg

➤ Prosjektplan – sektorovergripende internkontroll, frå Innlandet Revisjon IKS 5.6.25

Bakgrunn

I vedtatt plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2025-2028 er interkontroll prioritert tema for forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet vedtok i sak 13/25 (18. mars 2025) å bestille foranalyse for å vurdere evt. forvaltningsrevisjon om internkontroll, kvalitetsikring og avvikssystem. Utvalet ba også om prosjektplan dersom revisjonen i foranalysa ville tilrå prosjektet.

Foranalysa vart handsama i sak 16/25 (26. mai 2025) og kontrollutvalet vedtok å bestille ein prosjektplan om internkontroll i eit strategisk perspektiv.

Innlandet Revisjon IKS har oversendt prosjektplan for sektorovergripande internkontroll. Forvaltningsrevisor vil delta på møtet for å presentere denne og svare på spørsmål.

Fakta

Kontrollutvalet skal påsjå at det blir utført forvaltningsrevisjon av kommunens verksemd og av selskap som kommunen har eigarinteresser i. Ein forvaltningsrevisjon er å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyrets vedtak (kommuneloven § 23-3).

Formålet med foranalyse og prosjektplan er å gje kontrollutvalet grunnlag for å vurdere om det skal bestille ein forvaltningsrevisjon.

Prosjektplanen omtaler formål, problemstillinger, forventa nytte, revisjonskriterier, metode og gjennomføring.

Revisjonen beskriv prosjektets formål og problemstillinger i punkt 2:

"Formålet med revisjonen er å undersøke om rådmannen har etablert et sektorovergripende internkontrollsystem som sikrer tilfredsstillende kontroll av forvaltningen i kommunen. En revisjon av dette området kan bidra til å identifisere eventuelle forbedringspunkter i internkontrollen i kommunen, som igjen bidrar til at innbyggerne i kommunen får tjenestene de har krav på."

Revisjonen har formulert følgende problemstillinger:

1. I hvilken grad har rådmannen etablert et overordnet system for interkontroll?
2. I hvilken grad blir internkontrollen fulgt opp?

Prosjektet er stipulert til 250 timar med gjennomføring i løpet av hausten 2025 og levering av rapport tidleg i 2026.

Vurdering

Internkontrollen er eit viktig og sentralt verktøy i kommunens eigenkontroll og består av to perspektiv; det strategisk og det operative. Strategisk perspektiv omhandlar det etablerte felles styringssystemet og dei verktøy leiinga har innført for å nå verksemda sine mål (sektorovergripande internkontroll). Aktuelle spørsmål kan være om rutiner er basert på risikovurdering og om rapportering til rådmannen er tilstrekkeleg dokumentert.

Eit viktig formål med revisjon og tilsyn er læring og forbedring. Ein forvaltningsrevisjon av kommunens internkontroll kan bidra til å identifisere eventuelle forbedringspunkt, og dermed bidra til at innbyggjarane i kommunen får dei tenester dei har krav på. Ein revisjon av sektorovergripande internkontroll vil ha god nytteverdi og være viktig.

Det høver bra å fordele prosjektet med om lag 250 timar over 2 budsjettår.

Konklusjon: Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet bestiller ein forvaltningsrevisjon om sektorovergripande internkontroll i tråd med foranlysa og prosjektplanen.

Sekretariatets forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek framlagt prosjektplanen til etterretning.
2. Kontrollutvalet bestiller ein forvaltningsrevisjon om sektorovergripande internkontroll basert på framlagt foranalyse og prosjektplan.
3. Prosjektet startar hausten-25 med levering av rapport tidleg i 2026.

Sak 29/25 Eigenvurdering frå revisor om uavhengigheit

Vedlegg

- Uavhengighetserklæring – leiar forvaltningsrevisjon Ole Inge Gjerald

Bakgrunn

Krav til revisor følger av kommuneloven § 24-4 og forskrift for kontrollutvalg og revisjon. Revisor skal årleg og ellers ved behov, gje ein skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kontrollutvalet.

Fakta

Kontrollutvalet har fått tilsendt eigenvurdering for Gjerald. Han er leiar for forvaltningsrevisjon og overtok denne funksjonen etter Anne Live Jensvoll i 2025.

Vurderingar

I fylgje den gjevne eigenvurderingen er Gjerald uavhengig i forhold til kommunen.

Sekretariatets forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek uavhengigheitsvurdering frå Innlandet revisjon IKS til orientering.